

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 12.04.2013
Møtetid: 08.00
Stad: Anga
Møtenr.: 3/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Revisor (i sak 016/13) og rådmann (i sak 016 - 017/13)

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

Sak 014/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 015/13 Skriv og meldingar.
Sak 016/13 Årsrekneskapen 2012 – Førde kommune
Sak 017/13 Orientering – om styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune.
Sak 018/13 Oppfølgingsliste 3-2013 Førde.
Sak 019/13 Eventuelt.

Førde, 05.04.2013.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

014/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.04.2013	014/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

015/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.04.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.04.2013	015/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 13-13: Fagkonferanse kontroll og tilsyn – Gardermoen 5.-6. juni 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.


Sekretariatet sine vurderingar:



FAGKONFERANSE KONTROLL OG TILSYN

GARDERMOEN 5-6. JUNI 2013

ÅRSMØTE I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN 5. JUNI 2013



09.00 – 10.00	REGISTRERING "Noe å bite i"
10.00 – 10.15	Åpning av konferansen. Per Rune Vereide Styreleder i FKT / Nestleder i Sogn og Fjordane fylkeskommune`s kontrollutval.

POLITISK LEDELSE I KRD - TANKER OG FORVENTNINGER.

Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT

10.15 – 10.45	Nytt fra KRD, forventninger og fremtidstanker. Anja Kristin Salte Hjelseth Politisk rådgiver i Kommunal- og regionaldept.
10.45 – 11.00	Spørsmål og kommentarer fra salen.
11.00 - 11.15	PAUSE

KORRUPSJON, MISLIGHETER OG ANTIKORRUPSJONSARBEID

Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT

11.15 - 11.35	Foreleser presenteres senere
11.35 - 11.55	Korrupsjon og misligheter – fokusområde i finansiell revisjon? Harald Brandsås Fagdirektør i Den norske Revisorforening (DnR).

11.55 - 12.15	Foreleser presenteres senere
12.15 – 13.00	PANELDISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.
13.00 – 14.00	LUNCH

BUDSJETTETEST I KOMMUNENE – HVA KAN MAN FORVENTE AV STYRINGSKONFERANSER?

Møteleder: Kirsten Emilie Aasen, styremedlem i FKT

14.00 – 15:00	Budsjettet for kommunene Bjørn Brox - Cand. polit. og bedriftsøkonom. Arbeider som konsulent i Agenda Kaupang - Skribent på siste side i Kommunal Rapport, med budsjett og årsmeldingstest
15.00 – 15.30	DISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.

15.30 – 15.45	KAFFEPAUSE / Registrering av årsmøtedeltagere
---------------	---

ÅRSMØTE I FKT.

15.45 – 16.30	ÅRSMØTE I FKT – Se informasjon på baksiden
---------------	--

UTFLUKT

17.30	SOSIALT ARRANGEMENT. Sosialt arr. Kreativ planlegging pågår.
-------	--

TORSDAG 6. JUNI 2013.

BESTILLERKOMPETANSE OG MEDIAHÅNTERING

Møteleder: Siri Holm Lønseth, styremedlem i FKT

09.00 – 10.00	Gode bestillinger av revisjon. Stein Ove Songstad <ul style="list-style-type: none">- Hovedansvarlig for forvaltningsrevisjon i Deloitte AS- Medforfatter av Kontrollutvalgssboken og av Veileder i forvaltningsrevisjon
10.00 – 10.15	PAUSE
10.15 – 11.00	Økt oppmerksomhet om kontrollutvalgssakene – hvordan håndtere media? Ole Petter Pedersen Redaktør i Kommunal Rapport
11.00 – 11.30	PAUSE / utsjekking
11.30 – 12.30	LUNCH

HØRING I KONTROLLUTVALGET.

Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT

12.30 – 13.00	Ja – vi har gjennomført høring! Erfaringer fra Nord-Trøndelag fylkeskommune. Liv Tronstad Kontrollsjef i KomSek Trøndelag IKS.
13.00 – 13.30	Hva må vi være oppmerksom på ved høringer? Wencke Sissel Olsen <ul style="list-style-type: none">- Nestleder i FKT- Sekretariatsleder i Rogaland kontrollutvalgssekretariat IKS
13.30 – 13.45	PAUSE
13.45 – 14.15	PANELDISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.

SKRÅBLIKK

Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT

14.15 – 14.45	Med skråblikk på kommunesektoren Siri Gedde-Dahl <ul style="list-style-type: none">- Journalist i Aftenposten.- Var bl.a. med på avsløring av korrupsjon ved Nedre Romerike vannverk.
14.45 – 14.50	Avslutning av konferansen. Per Rune Vereide Leder i FKT

MÅLGRUPPE FOR KONFERANSEN

Kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariatene. Alle som er opptatt og interessert i kontroll og tilsynsarbeid i offentlig sektor.

PRAKTISK INFORMASJON

- Konferansehotell: Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen (Tlf. 63949494)
- Adresse: Hans Gaarderveg 15, 2060 Gardermoen
- Grå buss fra flyplass til hotell ca. 3 ganger pr. time fra pkt. B25, overfor taxiholdeplassen.
- Gratis parkering. Kontakt resepsjon eller konferansebord for bevis.

INFORMASJON OM ÅRSMØTE

- Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
- Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 24. april -13.
- FKT's handlingsplan 2014 er en av sakene som spesielt ønskes innspill til innen 24. april -13.
- Styret sender ut sakspapirene innen 2 uker før årsmøtet, altså innen 22. mai -13.
- Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 22. mai -13.

- Leder i valgkomiteen: Einar Ulla, KUV-sekretariatet i Sogn- og Fjordane fylkeskommune. Kan kontaktes på mobil 97190734 eller e-post enar.ulla@sfi.no
- Ønske om mer info / bli medlem i FKT? Se hjemmesiden www.fkt.no eller kontakt sekretariatet.

Kontaktinfo til sekretariat:

Tlf: Hogne Haktorson tlf: 55 23 94 53 / 91 10 59 82 / Roald Breistein: 55 23 94 47 / 97 50 51 52
E-postadresse: fkt@fkt.no

DELTAGERAVGIFT

FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

Deltagelse med overnatting: Kr. 5.400,- (Ikke medlem kr. 5.800,-)

Deltagelse uten overnatting, sosialt arr. & middag: Kr. 4.300,- (Ikke medlem kr. 4.700,-)

Ekstra overnatting 4 – 5. juni 2013 Kr. 1.300,-

PÅMELDING

- Påmelding via FKT sin hjemmeside www.fkt.no
- Bindende påmelding, **innen 18. april 2013**.
- Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- + FKT sine eventuelle kostnader til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltageravgift.

016/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.03.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.04.2013	016/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Førde kommune.
- Årsmelding datert 12. mars 2013.
- Rekneskap 2012.
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 15.03.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Førde kommune, datert 12.04.2013.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Førde kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgis uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til bystyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål om innhaldet i årsrekneskapen og om revisjonen som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Bystyret i Førde

Førde 12.04.2013

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR FØRDE KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Førde kommune er handsama i kontrollutvalet i Førde 12.04.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2012 for Førde kommune.
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 12. mars 2013
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.03.2013

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Netto driftsresultat i årsrekneskapen er kr. 36,806 mill. i overskot. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr 8,197 mill.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3 % av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat utgjer 4,1 %, Førde kommune er såleis over det tilrådde målet.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr. 806 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr. 906 mill. Hovuddelen av avviket skuldast større overføringar med krav til motytingar enn budsjettert.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 806 mill. Rekneskapen viser kr. 872 mill. Dei vesentlegaste avvika er "Lønsutgifter" og "Kjøp som inngår i kommunal produksjon".

Brutto driftsresultat er kr. 33,1 millionar betre enn budsjettert.

Førde kommune har hatt finansinntekter på kr. 23,8 millionar og finanskostnader inkl. avdrag er på kr. 65 millionar. Resultat for eksterne finanstransaksjonar viser kr. 41,9 mill mot budsjettert kr. 48,7 mill. Det positive avviket på kr. 6,7 mill i høve til budsjett skuldast gevinst på plasserte mildlar, samt lågare finasutgifter en budsjettert

Hovudkontor
6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 82 68
Mob. tlf. 913 47 077
e-post: post@sekom.no

Regionkontor
Hafstadvegen 21
Postboks 338, 6802 Førde
Mob. tlf. 976 15 363
e-post: post@sekom.no
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554
Kontonr. 3705.08.3257

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet merkar seg at dei enkelte einingane har moderate avvik. Største avvik har «Teknisk drift» med eit mindreforbruk på 21 %, men samla har einingane eit totalt forbruk som er 7,5 mill. over budsjettet jfr. Årsmeldinga side 8.

Investeringsrekneskapan er avslutta med eit udekket beløp på kr. 28,5 mill, Jfr. kommentarane til investeringsrekneskapan i årsmeldinga s. 14. Rådmannen skriv at det vert lagt fram eiga sak til bystyret om tilleggsøyvingar der det er naudsynt.

Langsiktig gjeld har auka med 172 mill frå kr 1 013 mill i 2011 til 1 185 mill i 2012. Gjeldsgrada auka frå 80,9% i 2011 til 81,2% i 2012. For rådmannen sine kommentarar om gjeld vert det vist til side 13 i årsmeldinga.

Likviditetssituasjonen synest å vere relativt god, jfr. rådmannen sin vurdering på side 18 i årsmeldinga.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen.

Vi viser til revisjonsmeldinga. Revisor har levert revisjonsmelding utan merknader.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapan for Førde kommune bør godkjennast slik han ligg føre.

Anne Lise Bekjorden (sign)
-leiar-

Terje Engvik (sign)
-nestleiar-

Bjarte Urnes (sign)

Mariann Njøsén (sign)

Per Arne Kloven (sign)

Førde kommune
v/ bystyret

kopi:

kontrollutval
formannskap
rådmann

6800 Førde

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
//rev.mld. Førde 2012 216 038/2013 15.03.2013

REVISJONSMELDING 2012.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Førde kommune per 31.12.2012 som syner eit positivt netto driftsresultat på kr 36.806.037,-. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser rekneskapen eit mindreforbruk på kr 8.196.747,- som det ligg til bystyret å disponere. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Førde kommune per 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge.

Uttale om øvrige forhold**Presisering:**

Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 28.542.972,- som det ligg til bystyret å oppfinansiere i 2013.

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett ; jf. likevel vårt atterhald nedanfor.

Atterhald:

Lov om kommuner og fylkeskommuner §§ 46 og 47, omhandler årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomisk oversikt drift og investering . Rådmannen har gjort greie for budsjettavvik i årsmeldinga.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Førde kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Førde, 15. mars 2013

Terje Førde
Revisjonssjef

Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

017/13 ORIENTERING – OM STYRINGSKONTROLL I FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 18.08.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.08.2011	024/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Førde kommune – «Orientering – Styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune», datert 14.03.2013.

-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- kontrollutvalssak 010/13 "Skriv og Meldingar" den 13.03.2013

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING – OM STYRINGSdokUMENT FOR EIGENKONTROLL I FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann gir ei orientering om styringsdokument for eigenkontroll i førde kommune som vart lagt fram for politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Førde kommune har utarbeida nytt «Styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune» og lagt dette fram for politisk handsaming.

I kontrollutvalssak 010/13 "Skriv og Meldingar" den 13.03.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *AD SM 12-13 "Eigenkontroll Førde kommune": Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann til neste møte for å orientere om styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune.*

14.03.2013 har kontrollutvalet sendt brev til rådmannen der han er orientert om at han vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Førde kommune

6800 FØRDE

Førde, 14.03.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 30/13

Arkiv: Førde

ORIENTERING – STYRINGSdokUMENT FOR EIGENKONTROLL I FØRDE KOMMUNE

I kontrollutvalssak 010/13 "Skriv og Meldingar" den 13.03.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *AD SM 12-13 "Eigenkontroll Førde kommune": Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann til neste møte for å orientere om styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet rådmannen førebu ei kort orientering om styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune.

Innkalling vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Neste kontrollutvalsmøte i Førde vert helde 12. april 2013.

For kontrollutvalet

Vidar Øvrebb

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

018/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Bystyret	12.04.2013	018/13 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 14. mars 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
004/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» - Tinging.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Tinginga for prosjektet "Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i" vert godkjent. -Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. -KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 31.01.13 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.
009/13 Godkjenning innkalling og sakliste	13.03.13		13.03.13 Vedtak i KU: Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.
010/13 Skriv og meldingar	13.03.13		13.03.13 Vedtak i KU: AD SM - 12 - 13 "Eigenkontroll Førde kommune": Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann til neste møte for å orientere om styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune. Resten av skriv og meldingar vert teken til vitande.
011/13 Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i.»	13.03.13		13.03.13 Vedtak i KU: Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i.» vert godkjent.
012/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Førde	13.03.13		13.03.13 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 2-2013 Førde vert teken til vitande.
013/13 Eventuelt	13.03.13		13.03.13 Vedtak i KU: Neste kontrollutvalsmøte vert flytta frå 10. til 12 april.
Oppdatert 14.03.2013			

019/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.04.2013	019/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.